



Årsmelding 2012



1873-2013

Banksjefen har ordet	side	4
Nøkkeltal	side	5
Melding frå styret	side	6
Generelt	side	6
Strategiplan 2011-2015	side	6
Eigarstyring og selskapsleiing	side	6
Hovudtrekka i den økonomiske utviklinga	side	6
Sparebankane i Noreg	side	6
Samfunnsengasjement	side	6
SpareBank 1 Lom og Skjåk si verksemd i 2012	side	7
Aktivitet gjennom året		
Rekneskapen	side	7
Framleis drift		
Resultatrekneskapen		
Forslag til disponering av overskot		
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		
Gebyr- og provisjonsinntekter		
Driftskostnader		
Balansen	side	8
Forvaltningskapital		
Utlån og garantiar		
Verdisetjing av utlån		
Misleghald og tapsutsette engasjement		
Innskot		
Verdipapir		
Eigenkapital og kapitaldekning		
Innskot målt mot utlån		
Funding elles		
Intern kontroll og styring	side	9
Generelt		
Kredittrisiko		
Valutarisiko		
Rente- og kursrisiko		
Likviditetsrisiko		
Strategisk risiko		
Tilsette	side	11
Personalet		
Likestilling		
Arbeidsmiljø		
Ytre miljø	side	12
Klimautfordringane		
SpareBank 1 Alliansen	side	12
Eiendomsmegler 1	side	13
Lom og Skjåk Sparebanks næringslivsfond	side	13
Framtida	side	14
Takk til forretningskontakter, tillitsvalde og tilsette	side	14
Resultatregnskap pr. 31.12.2012	side	15
Balanse pr. 31.12.2012	side	16
Finansieringsanalyse	side	17
Noter til regnskapet for 2012	side	18
Revisjonsberetning	side	40
Melding frå kontrollkomiteen	side	42
Erklæring frå styrets medlemmer og adm. banksjef	side	43
Lokalt næringsliv	side	44
Forstandarskap/tillitsvalde	side	46
Støttespelar for lokalsamfunnet	side	47
Lom og Skjåk sparebank 1873 - 2013	side	48

SpareBank 1 Lom og Skjåk legg for 2012 frem eit tilfredsstillande resultat, og banken har gjennom året styrka eigenkapitalen og kapitaldekninga.

Verknadane av Finanskrisa i 2008 er framleis ikkje over. Fleire store økonomiar slit, mellom anna Italia, Spania og Hellas. Desse landa er sterkt gjeldstynga og har behov for stadig nye låneopp- tak. Tyskland har så langt greidd å ha tilstrekkelege finansielle musklar til å hjelpe til.

Uroa i den internasjonale finansmarknaden pregar framleis norsk økonomi og bankane. Prisen på eks- tern finansiering for bankane ligg framleis på eit høgt nivå, sjølv om prisen gjennom 2012 har gått ned. Endringar i lover og føresegner frå styres- maktene kjem i eit stadig aukande tempo og stiller krav til banken si evne for endring og tilpassing. Det kontinuerlege arbeidet med implementering av endra regelverk er naudsynt for å møte framtidige krav og for å oppretthalde konkurranse- kraft. Året 2012 vart såleis eit krevjande, men og eit interessant år.

Styresmaktene er uroa for gjeldsveksten i hus- halda, og har etablert strengare retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis for lån til bustadføremål. Finanstilsynet fryktar at eit vedvarande og lågt rentenivå aukar faren for større ubalansar i øko- nomien dersom ei bustadboble får utvikle seg. Utfordringane er størst i pressområda rundt dei største byane. Denne utviklinga observerar vi i mindre grad i marknadsområdet til banken.

SpareBank 1 Lom og Skjåk opna eit nytt avdelings- kontor på Dombås i 2012. Etableringa byggjer på eit strategisk val banken har fatta, både for å yte betre service til dei eksisterande kundane våre i Lesja og Dovre, men og for å styrke framtida og sjølvstende til banken gjennom ein sunn vekst i desse kommunane.

Banken gjennomførte ei kundetilfredsundersøking i 2012 der banken får gode attendemeldingar frå marknaden. Banken gjer det særskilt godt saman- likna med andre bankar.

For at banken skal vere konkurransedyktig over tid, må vi stadig fornye og utvikle oss. I 2012 etablerte banken ein mobilapplikasjon for våre næringslivskundar og fatta vedtak om å etablere eit felles kundesenter innan SpareBank 1 Alliansen som et supplement til ordinært kundesenter på dagtid. Kundane våre kan dermed få bistand alle dagar frå kl 07 til kl 24.

Banken vektlegg kvalitet og kompetanse. Stadig fleire av medarbeidarane i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller blitt sertifisert innan godkjenningssordninga for skadeforsikring. I tillegg har andre tilsette gjennomført vidareutdanning på BI. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane.

Banken fekk fire nye medarbeidarar i 2012, tre med arbeidsstad på Dombås og ein med arbeids- stad i Bismo. Som del av førebuingane til eit føreståande generasjonsskifte og for å førebu oss på forventet vekst, lyste banken og ut fire nye stillingar på slutten av året.

SpareBank 1 Lom og Skjåk står etter 2012 framleis fram som ein solid og godt forankra bank i bygdene våre. Vi skal framleis vera ein bank for vårt eige distrikt, som bidreg til samfunnsutviklinga med gode levevilkår og ikkje minst gode oppvekst- vilkår.

Eg vil nytte høvet til å takke alle tilsette for en kjempefin innsats for banken i 2012. Samtidig vil eg takke våre samarbeidspartnarar, kundar og tillitsvalde for året vi nå har lagt bak oss. Eg vil rette ein stor takk til styret i banken, og ein særskild takk til dei som etter ei lang karriere i banken, gjekk av med pensjon.

Eg vil til slutt ønskje alle eit riktig godt år i 2013.



Arne Henning Falkenhaus
Adm. banksjef

Tall i tusen kroner	2012	2011	2010	2009	2008
Forvaltningskapital	3.909.269	3.747.240	3.634.560	3.259.323	3.175.324
Overført til Boligkreditt (BK)	663.100	521.950	410.151	411.105	162.205
Garantier for valutalån (VL) - pålydende	215.163	220.830	219.532	218.622	217.964
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	4.787.532	4.490.020	4.264.243	3.889.050	3.555.493
Brutto utlån (til kunder)	3.331.873	3.159.759	3.088.942	2.699.445	2.625.915
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK og VL	4.210.136	3.902.539	3.718.625	3.329.172	3.006.084
Innskudd fra kunder	2.549.823	2.375.228	2.111.137	1.970.316	1.838.122
Resultat underliggende drift eks. tap	44.381	41.283	49.622	39.518	41.640
Tap på utlån	22.788	7.048	13.626	14.367	10.689
Resultat underliggende drift inkl. tap	21.593	34.235	35.996	25.151	30.951
Resultateffekt fra verdipapirer	14.660	1.668	25.230	23.439	-28.374
Resultat før skatt	36.253	35.903	63.019	48.590	2.576
Resultat etter skatt	27.851	25.045	50.338	38.700	-2.566
Egenkapital	453.102	426.001	402.705	354.118	316.968
Rentenetto	2,07 %	1,98 %	2,22 %	2,11 %	2,35 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,73 %	0,63 %	0,67 %	0,68 %	0,56 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,61 %	1,45 %	1,38 %	1,57 %	1,56 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	53,02 %	50,98 %	42,55 %	53,07 %	52,56 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,68 %	0,22 %	0,40 %	0,44 %	0,34 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	2,13 %	1,88 %	1,89 %	1,78 %	1,19 %
Misligholdsprosent 90-dager	3,53 %	3,37 %	3,02 %		
Egenkapitalandel i balanse	11,59 %	11,37 %	11,08 %	10,86 %	9,98 %
Egenkapitalavkastning før skatt	8,15 %	8,56 %	16,40 %	14,35 %	0,81 %
Kapitaldekning	19,74 %	17,93 %	14,91 %	15,20 %	15,92 %
Utlånsvekst (eks. tapsavsetninger)	5,45 %	2,29 %	14,43 %	2,81 %	1,60 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	7,88 %	4,95 %	11,70 %	10,70 %	9,10 %
Innskuddsvekst	7,35 %	12,51 %	7,15 %	7,24 %	6,00 %
Innskudd i % av utlån	76,53 %	75,17 %	68,37 %	73,02 %	70,00 %
Endring forvaltningskapital	4,32 %	3,10 %	11,51 %	2,65 %	5,10 %
Brutto utlån næring	38,74 %	37,97 %	38,13 %	36,99 %	32,53 %
Brutto utlån privat	61,29 %	62,03 %	61,87 %	63,01 %	67,47 %
Antall ansatte	46	45	41	42	40
Antall årsverk	43	43	39	40	38

Generelt

Banken vart stifta i 1873, og vert 140 år i 2013. Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. Sparebank 1 Lom og Skjåk skal vere ein kostnadseffektiv bank og gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selja og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgjevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågåmo og på Dombås.

Strategiplan 2011-2015

Styret vedtok ein ny strategiplan for SpareBank 1 Lom og Skjåk i oktober 2011. Planen gjeld for perioden 2011-2015 og er utarbeidd i nært samspel med dei tilsette.

Strategiplanen skal vere ein reiskap for styret og tilsette og legg føringar for drifta av banken og strategiske vegval i dei nærmaste åra. Strategiplanen skal gje ei retning og avklare sentrale strategiske tilhøve.

Ei overordna målsetjing er å gjera strategidokumentet mest mogleg tilgjengeleg og konkret slik at alle kan få eit eigarskap til, og identifisere seg med, dei vegvala som blir kommunisert i dokumentet.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeid eigne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing, og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar.

Hovudtrekka i den økonomiske utviklinga

Veksten hjå handelspartnarane våre er svak. Det er nedgang i aktiviteten og arbeidsløysa er høg og aukande. I USA har den moderate veksten halde fram. Framveksande økonomiar i Asia og Sør-Amerika bidreg til å halde aktiviteten i verdsøkonomien oppe, men veksten har stagnert i fleire av desse landa og. Usikkerheita om den vidare utviklinga i internasjonal økonomi er høg.

Fleire sentralbankar har redusert styringsrentene sine og dei er nå nær null i mange land. Det er utsikter til at styringsrentene vil halde seg svært låge lenger enn tidlegare anteke.

Den amerikanske sentralbanken annonserte at styringsrenta vil bli halden uendra fram til midten av 2015 dersom utviklinga i økonomien ikkje blir vesentleg sterkare enn dei nå ser føre seg. Til tross for den svake utviklinga hjå handelspartnarane våre, held veksten i norsk økonomi seg oppe. Den høge oljeprisen bidreg til at aktiviteten i næringar som leverer varer og tenester til oljeverksemda, er god. Andre delar av industrien er påverka av svak etterspurnad i utlandet og høge kostnader.

Krona har styrka seg meir enn det som tidlegare berekningar skulle tyde på. Dette kan tolkast som at risikopremien på norske kroner har falle noko i løpet av 2. halvår 2012.

Bankane har auka utlånsrentene sine til næringslivet, men har halde att ei naudsynt auke overfor hushalda. Det er god vekst i både føretaksinvesteringane og i bustadinvesteringane. Veksten i sysselsetjinga er høg. Den høge veksten må sjåast på bakgrunn av framleis stor arbeidsinnvandring. Arbeidsløysa held seg låg og stabil.

Gjelda i norske hushald stig framleis litt raskare enn inntekta. Gjeld som andel av den disponible inntekta er på eit historisk høgt nivå. Det låge rentenivået gjer likevel rentebelastinga moderat. Samstundes sparer hushaldningane mykje meir nå enn tidlegare. Noregs Bank si tidlegare varslingsom oppgang i rentene er skjøvet lenger fram i tid. Noregs Bank senka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng i mars til 1,50%. Dette er eit tydeleg teikn på usikkerheit i den økonomiske utviklinga for landet.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og veldreven næring. Den utgjer ein helt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i eit nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg. Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden.

I Noreg er det i dag 110 sparebankar, ein nedgang frå 112 i 2011. I dette talet er det teke omsyn til fusjonen mellom SpareBank1 Telemark og Sparebanken Holla Lunde, og fusjonen mellom SpareBank1 Hallingdal og Øystre Slidre. Desse to fusjonane vart iverksett den 23. november 2012.

Samfunnsengasjement

Å vere engasjert i det som rører seg i lokalsamfunnet er ei grunnhaldning til banken. Kvart år deler banken ut betydelege beløp til sponsoraktivitetar og marknadsføring, i tillegg gåver til lag og foreiningar innan det lokale idretts- og kulturliv.

Dette er vårt bidrag til lokalsamfunnet fordi vi har lokal tilknytning og eigarskap. Banken ønskjer sterkt eit levande samfunn overalt i kommunane våre, og at lokalbefolkninga skal ha gode leve- og oppvekst-vilkår.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein aktiv samtalepart og støttespelar for næringslivet i bygdene våre. Ei målsetting for banken er å bidra til å sikre gode arbeidsplassar og vere eit naturleg kontaktpunkt ved etableringar av nye arbeidsplassar.

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev kvart år økonomisk støtte som skal fremje næringsutvikling blant banken sine kundar.

Sparebank1 Lom og Skjåk si verksemd i 2012

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2012 (sjå tidligare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen). Dette skuldast stor aktivitet innanfor tradisjonelle banktenester, men ikkje minst at vi fekk ein stor auke i inntekter frå sal av forsikrings- og plasseringsprodukt og avkastning på investering i SamSpar.

Aktiviteten i Lom, Skjåk og Vågå var tradisjonelt høg også i 2012. Vi er 46 tilsette i banken. 3 nye medarbeidarar er rekruttert til kontoret vårt på Dombås og ein rådgjevar til kontoret i Skjåk. Ein tilsett har slutta og tre har vorte pensjonistar i løpet av 2012.

Vi har og arrangert samlingar for kundane våre i 2012. Landbrukskundane våre vart inviterte med på tur til landbruksmessa på Lillestrøm den 5. november. Vi fylte opp ein buss med 45 deltakarar.

Den 20. desember inviterte vi bedriftskundane våre til julelunsj med fagleg innhald. Emna som vart presenterte, var leasingfinansiering v/ SpareBank1 Finans Østlandet, PRO betjeningskonsept og inkassoløysning v/ SpareBank1 Lom og Skjåk. Banken fekk positive attendemeldingar på arrangementet med om lag 50 deltakarar.

Rekneskapen

Framleis drift

Bankstyret stadfester at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagt under denne føresetnaden. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev ytterlegare kommentarar.

Resultatrekneskapen

Resultatet før tap og skatt ble i 2012 på kroner 59.040.701,-. Vi oppnådde budsjettert resultat for 2012. For samanlikning med tidligare år viser vi til tabellen side 4. Prosenttal er utrekna av daglig gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er høveleg tilfreds med resultatet for 2012. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god, men tapa på utlån og garantiar vart for store. Resultatet sikrar likevel banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Styresmaktene har varsla auka krav til kapitaldekning i bankane i åra som kjem. Bankstyret understrekar difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:

kr. 300.000 til gåver

kr. 250.000 til Myten om Odins gull (Skjåk kom.)

kr. 200.000 til SpareBank1 Skiarena på Dombås

kr. 27.100.741 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 79,0 mill kroner, som er en oppgang frå 73,0 mill kroner frå året før. Rentenetto utgjør 2,07 %, tilvarande førre år var 1,98 %. Ut frå konkurransesituasjonen er styret nøgd med rentenettoen.

Gebyr- og provisjonsinntekter

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 27,9 mill. kroner, som utgjør 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2011 var tilsvarende tal 23,1 mill. kroner og 0,63 %. Også for i år er det ein god auke i provisjonsinntekter frå sal av forsikringar, alternative spareprodukt og frå betalingsformidling. Banken hadde positiv utvikling i porteføljen i aksjar og obligasjonar med 4,5 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,61 % mot 1,45 % i 2011. Løn og generelle administrasjonskostnader utgjør 1,17 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, som er ei auke frå 1,06% i 2011. Kostnadsnivået i banken blir trass i ein auke frå førre år, vurdert som tilfredsstillande. Banken ventar ein nedgang i 2013. Styret meiner det er viktig å ha fokus på kostnadseffektiv drift av banken for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida. I 2012 investerte vi 3,2 mill kroner i rehabilitering og ombygging av lokala våre i Bismo.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 3.909,3 mill. kroner, ein auke med 4,32 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2012 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 141,1 mill kroner til 663,1 mill kroner, og våre kundar hadde 215,2 mill kroner i valutalån. Forvaltningskapitalen inkludert bustadkreditt og valutalån utgjør 4.787,5 mill. kroner.

Utlån og garantiar

Utlån auka med 172,1 mill. kroner til 3.331,9 mill kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Dette gjev ein vekst i utlån på 5,45 %. Med overføringar til SpareBank 1 Boligkreditt og valutalån var veksten i utlån på 7,88 % mot budsjettet 8,0 %. Note 14d. viser fordeling mellom geografiske område.

Ved utgangen av 2012 utgjør garantiar 267,3 mill kroner og er på nivå med førre år. Note 14e. viser garantiar fordelte på næringer og note 26 fordelt på garantitypar. Utlån og garantiar til næringslivet er 41,4 % av totale utlån og garantiar og var 40,7 % i 2011. Den gjennomsnittlige utlånsrenta var 5,23 %, tilsvarende for 2011 var 5,41 %.

Banken er medeigar i bustadkreditselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundingen banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utferding av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratingen må bustadkreditselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kredittratingbyrå. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Ved utgangen av 2012 er det overført 663,1 mill. kroner til SB1BK. Tilsvarende beløp ved utgangen av 2011 var på 522,0 mill kroner. Kundane våre har ved utgangen av 2012 valutalån pål. 215,2 mill. kroner. Dette er valutalån hovudsakeleg i CHF (Sveits).

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finans-tilsynet.

Misleghald og tapsutsette engasjement

Talet på misleghaldne og tapsutsette engasjement syner ein liten nedgang mot slutten av året, og er

lågare enn førre år. Individuell nedskriving kjem fram etter at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta som banken har. I tillegg er personmarknadskundar over eit definert nivå vurderte.

Taps- og tapsavsetjingar er i resultatrekneskapen bokførte med 22,79 mill. kroner, som utgjør 0,68 % av brutto utlån. Individuelle tapsavsetjingar er på 37,7 mill. kroner og utgjør 1,13 % av brutto utlån. Tilsvarende for gruppeavsetjingar er 33,2 mill kroner og 1,00 %. Samla blir dette 70,9 mill kroner som er 2,13 % av brutto utlån. Hendingar etter balansedagen auka tapsavsetjinga med til saman 6,97 mill kroner.

Innskot

Innskot frå kundar utgjør 2.549,8 mill. kroner, som er ein auke på 174,6 mill. kroner siste året, eller 7,35 % (for 2011 var den 12,51 %). Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Delen av større innskot er aukande, men banken meiner å ha gode og fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i dei store innskota. Den gjennomsnittlige innskotsrenta var på 2,47 %, tilsvarende for 2011 var 2,35 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjør til saman 327,4 mill. kroner, fordelt med 180,6 mill. kroner klassifisert som handelsportefølje og 146,8 mill kroner som anleggsportefølje. Sistnemnde beløp inkluderer strategiske investeringar i fellesføretak gjennom alliansesamarbeidet. Sjå note 16 a.

Bokført endring i bankbehaldninga av verdipapir definert som handelsportefølje viser for 2012 ein positivresultateffekt med 4,5 mill. kroner.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjør eigenkapitalen nå 453,1 mill kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 11,59 % rekna ved utgangen av året, mot 11,37 % ved førre årsskiftet. Kapitaldekninga ved årsskiftet utgjør 19,74 % inklusiv opptak av ein fondsobligasjon pål. 50 mill kroner. Effekten ved opptak av fondsobligasjonen utgjør om lag 2 prosentpoeng.

Innskot målt mot utlån

Auken for innskot frå kundar har vore høgare enn auken i utlån til kundar og dermed har også denne delen auka til 76,53 % frå førre årsskiftet, da den var 75,17 %.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom lån frå andre finansinstitusjonar og gjennom opptak av obligasjonslån. Forfallsstrukturen går fram av note 20.

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Det er viktig at banken er med på å stimulere til aktivitet og nyetablering i sitt primærområde. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og intern kontroll. Styret får løypande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar. Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjeve i lov, føresegnar og i interne retningslinjer.

Basel II

Med verknad frå 01.01.07 vart det internasjonale regelverket for risikostyring og kapitaldekning sett i kraft. Eit samarbeidsprosjekt mellom banker i SamSpar ga som resultat eit eige bereknings- og rapporteringssystem for å dekkje både pilar I og pilar II (ICAAP-Vurdering av risikonivå og kapitalbehov).

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll, føretekt banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Desse vurderingane dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre ein vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderinga til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegnar frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene, gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement.

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk vurderer at følgjande forhold aukar kredittrisikoen:

- Auken i misleghalde og tapsutsette engasjement indikerer ein viss risiko for auka tap innan bedriftsmarknaden.
- Endringar i arbeidsmarknaden og bustadprisar kan medføre auka risiko for tap innan personmarknaden.
- Utlånsveksten dei seinare åra representerer i seg sjølv ein auka risiko for tap.

Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadlege rapportar. Andelen av mislighalde og tapsutsette engasjement er lågare og kvaliteten i utlånsporteføljen er betra der både uventa og forventa tap er redusert samanlikna med førre året.

Over siste 5 års periode er det godt samsvar mellom risikomodellens snitt av forventta tap, og dei faktiske realiserte tapa påfølgjande år. Tapa er høge i 2012. For 2013 er tapa forventta å bli lågare og i intervallet 0,25 % til 0,40 % av brutto utlån. Delen av engasjement i beste risikogruppe er betra siste året, medan delen i dei tre høgste risikogruppene er marginalt betra trass i at overføringane til SB1BK har auka monaleg i 2012 (note 14c). Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kredittrisikoen som moderat.

Valutarisiko

Banken har liten aktivitet i valutahandel. Banken stiller lånegaranti for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN, DNB og Swedbank. Bankgarantiar for valutalån inngår i den ordinære engasjementsvurderinga, og kommentarar knytt til utlån er derfor dekkjende også for den risikoen som ligg i valutalån. Styret meiner at restsaldo på dei aktuelle valutagarantiane framleis er tilfredsstillande dekt av pantesikringa som banken har etablert.

Rente- og kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vere moderat. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne ut frå storleiken på behaldninga er av mindre omfang.

Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som moderat. Situasjonen ved årsskifte er at fleire av dei strategiske investeringane har ein betydeleg meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auken i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eige opplån i marknaden, og er dermed med på å redusere likviditetsrisikoen. Det er daglig oppfølging og vurderingar av likviditet målt mot kjente svingingspunkt. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og moderat risiko.

Strategisk risiko

Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. SpareBank 1 Lom og Skjåk merkar større konkurranse, også i primærmarknaden, der bankgiganten DNB er vår største konkurrent.



Svein Garmo starta i banken 15/6 1987 på økonomiavdelinga. Svein har dei siste åra vore plasseringsansvarleg i banken. Han er frå 2013 tilsett som økonomiansvarleg.



Oddveig Moen Nordal starta i banken 26/8 1987 som bankassistent og arbeidde ved sentralbordet dei fyrste åra. Oddveig er i dag kundesrådgjevar i daglegbank. Ingvard Kringlethaugen starta i banken 18/1 1982 som bankassistent. Han har dei siste åra vore depomedarbeidar. Styreleiar Sevald Sperstad og administrerande banksjef Arne Henning Falkenhaus takka Oddveig og Ingvard med gode ord for godt arbeid gjennom alle år.



Etableringa på Dombås var naudsynt og viktig av strategiske årsaker, både for å kunne yte betre service til våre eksisterande kundar på Dovre og Lesja, men også for å sikre grunnlag for vidare vekst. Samstundes meiner styret at det vil ta noko tid før investeringa i nytt avdelingskontor vil yte positive bidrag til resultatutviklinga.

Tilsette

Personalet

Ved utgangen av 2012 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 46 tilsette ved dei fire kontora. Dette utgjør til saman 43 årsverk. I tillegg har banken vaktmeister og reinhaldar i deltidstilling ved eiegenomen til banken i Bismo. Fire nye medarbeidarar vart tilsette i 2012. Dette er Therese Rosten, Line Sagsletten Bakken og Kristin Plassen Bakken med arbeidsstad Dombås, og Espen Opsahl med arbeidsstad Skjåk. Tre tilsette har blitt pensjonistar og ein har slutta i banken.

Banken har dyktige medarbeidarar som står på for arbeidsgjevaren sin. I 2012 har også mange av dei tilsette tatt utdanning for å ha kompetanse til å møte nye utfordringar. Styret set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.



Frå opninga av kontoret på Dombås 24. mai 2012. Satsinga i Lesja og Dovre med etablering av nytt avdelingskontor på Dombås, skal vera med på å styrke banken sin posisjon i Nord-Gudbrandsdalen. Styreleiar Sevald Sperstad og avdelingsleiar Ola Ulfsby Bottheim saman med dei tilsette ved kontoret Therese Rosten, Kristin Plassen Bakken og Line Sagsletten Bakken

Foto: Lars Ola Rindseter i Vigga.

Likestilling

Dei tilsette i banken fordeler seg med 24 kvinnelege og 22 mannlege tilsette. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling. Bankens leiargruppe samansatt av fire menn og ei kvinne. Styret er samansatt av fire menn og ei kvinne. I tillegg har dei tilsette ein kvinneleg vararepresentant.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2012 var på 700 dagar, som utgjer 7,01 %, mot 760 dagar og 8,41 året før. Banken har framleis langtidssjukmeldte i 2012. Med såpass fåe tilsette gjev det store utslag i fråværsprosenten. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2012.

Verneombodet gjennomfører saman med leiinga årleg kartlegging av det interne arbeidsmiljøet i banken. Resultatet blir nytta som grunnlag for å setja i verk eventuelle utbetringar. Denne runda vart gjennomført ved to kontor i desember 2012, men ikkje i Dombås som er et nytt kontor. Verneombodet og leiinga skal til Vågåkontoret i januar 2013. Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt til glede for den enkelte medarbeidar, kunde og bank.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usaklig forskjellsbehandling. Ei slik behandling vil være i strid med arbeidsmiljølova. Korkje styret eller administrasjonen i SpareBank 1 Lom og Skjåk er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.

Ytre miljø

Banken driver ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljøet.

Klimautfordringane

SpareBank 1 Lom og Skjåk har integrert omsynet til det ytre miljø ved kvart år å gjera rede for utslepp av CO₂ og påverknad på det ytre miljø ved å lage eit energi- og klimarekneskap sett opp etter standardane i "the Greenhouse Gas Protocol" og ISO 14064. Banken har sidan 2007 gjort dette årleg og dei siste åra har rapporten vist eit stabilt utslepp på om lag 70 tonn CO₂.

Energi- og klimarekneskapet for 2012 er i skrivande stund ikkje ferdig. Som tidlegare år, brukte banken elektrisitet berre frå straumnett, totalt 488 MWh i 2011. Det vart generert 4.964 kg. avfall der om lag 2.000 kg. av dette var papir. Utslepp grunna transport av varer og tenester utgjorde 19,7 tonn CO₂. Utsleppa som årleg blir rapportert, blir fulgt opp av leiinga og styret i banken og er den referansen som blir nytta for tiltak som skal minimere utsleppa til banken.

Sparebank 1 Alliansen

SpareBank 1 Alliansen blei grunnlagt i 1996. SpareBank 1 Alliansen er eit bank- og produksamarbeid, der SpareBank 1 bankane i Noreg samarbeidar gjennom det felleseige holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eit overordna mål for SpareBank 1 Alliansen er å sikre sjølvstendet og den regionale forankringa til den enkelte banken gjennom sterk konkurranseevne, lønnsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1 Alliansen eit konkurransedyktig nasjonalt bankalternativ.

Alliansen er samla sett ein av dei største leverandørane av finansielle produkt og tenester i den norske marknaden. For å oppnå felles mål har bankane i alliansen etablert ein nasjonal marknadsprofil og utvikla ein felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon. Den marknadsstrategiske plattformen danner også basis for felles produkt- og konseptutvikling. Marknadsinnsatsen i alliansen er i hovudsak retta mot personmarknaden, små og mellomstore bedrifter og forbund knytt til LO. Både bankane og produktområda hevder seg godt i konkurransebilete, og resultatutviklinga er god.

SpareBank 1 Alliansen består pr 31.12.2012 av 15 sjølvstendige bankar, to felleseige forretningsbankar og SpareBank 1 Gruppen konsern.

Dei sjølvstendige bankane i alliansen er:

- SpareBank 1 SR-Bank ASA
- SpareBank 1 Nord-Norge
- SpareBank 1 SMN
- Sparebanken Hedmark
- Samarbeidende Sparebanker (SamSpar)

SamSpar er en samanslutning av fleire mindre sparebankar. Desse sparebankane er:

- SpareBank 1 Buskerud-Vestfold
- SpareBank 1 Gudbrandsdal
- SpareBank 1 Hallingdal Valdres
- SpareBank 1 Lom og Skjåk
- SpareBank 1 Modum
- SpareBank 1 Nordvest
- SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg
- SpareBank 1 Ringerike Hadeland
- SpareBank 1 Søre Sunnmøre
- SpareBank 1 Telemark
- SpareBank 1 Østfold-Akershus

Dei felleseige forretningsbankane er Bank 1 Oslo Akershus AS og BN Bank ASA. I januar 2013 auka Sparebanken Hedmark og LO med tilknytte fagforbund sine eigardelar i SpareBank 1 Oslo Akershus med høvesvis 40,5 % og 29,9 %. Auka kom etter overtaking av aksjar frå SpareBank 1 SR-Bank ASA, SpareBank 1 SMN og SpareBank 1 Nord-Norge.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet består av:

- SpareBank 1 Skadeforsikring AS (100 %) – som eig 100 % av aksjane i Unison Forsikring AS
- SpareBank 1 Livsforsikring AS (100 %)
- ODIN Forvaltning AS (100 %)
- SpareBank 1 Medlemskort AS (100 %)
- SpareBank 1 Gruppen Finans AS – som eig 100 % av aksjane i Conecto AS
- SpareBank 1 Markets AS (97,55 %)

Bankane i SpareBank 1 Alliansen distribuerer produkta til SpareBank 1 Gruppen og samarbeider på sentrale område som merkevare, arbeidsprosesser, kompetansebygging, IT-drift, systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtaler med LO og LOs fagforbund.

Felles hovudfunksjonar innan SpareBank 1 Alliansen er todelt:

1) Drive og utvikle finanskonsernet med produksjon og leveranse av konkurransedyktige produkt og tenester for distribusjon gjennom alliansebankane og bankar elles som har distribusjonsavtale med selskap i SpareBank 1 Gruppen og LO. Dette arbeidet er organisert i selskapet SpareBank 1 Gruppen AS, som er eigd av:

- SpareBank 1 SR-Bank ASA (19,5 %)
- SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %)
- SpareBank 1 SMN (19,5 %)
- Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %)
- Sparebanken Hedmark (12 %)
- samt Landsorganisasjonen/ fagforbund tilknyttet LO (10 %), som ikkje er ein del av alliansen.

2) Drive og utvikle alliansesamarbeidet med felles forvaltning, utvikling og gjennomføring av aktivitetar som gjev stordrifts- og kompetansefordelar. Dette arbeidet er organisert i selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA. Dette selskapet utgjer den administrative overbygginga for alliansesamarbeidet. Selskapet syter for finansiering av og eigarskap til applikasjonar, konsept, kontraktar og merkevare på vegne av deltakarane i alliansesamarbeidet. Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA eigd av:

- SpareBank 1 SR-Bank ASA (17,74 %)
- SpareBank 1 SMN (17,74 %)
- SpareBank 1 Nord-Norge (17,74 %)
- Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA (17,74 %)
- Sparebanken Hedmark (11,3 %)
- SpareBank 1 Gruppen AS (10,0 %)
- Bank 1 Oslo AS (7,74 %)

Bankane i SpareBank 1 Alliansen distribuerar SpareBank 1 Gruppen sine produkt og samarbeidar på sentrale område som merkevare, arbeidsprosesser, kompetansebygging, IT-drift,

systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtaler med LO og LO sine fagforbund, og leverar finansielle produkt og tenester til LO sine medlemmar gjennom fordelsprogrammet LOFavor.

Produktselskapa etablert under SpareBank 1 Gruppen AS og alliansebankane har utvikla ein felles teknologiplattform. Erfaringsutveksling og overføring av kompetanse innanfor alliansen, basert på beste praksis, er eit viktig element for å utvikle alliansen vidare. Som eit ledd i denne satsinga er det etablert kompetansesentra for høvesvis Kredittstyring i Stavanger, Betaling i Trondheim og Læring i Tromsø.

Eiendomsmegler 1

Banken er deleigar i Eiendomsmegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS med 22,65 %. Selskapet er medlem av Eiendomsmegler 1, og vårt eigarskap meiner vi gjev synergieffekt på andre finansprodukt. Resultatet i 2012 ble kroner 3.130.000,- etter finans og skatt. Omsetninga gjekk opp frå 15,4 mill. kroner i 2011 til 18,7 mill. kroner i 2012.

Lom og Skjåk sparebanks næringslivsfond

Næringslivsfondet i banken har ein grunnkapital på kroner 4.000.000. Føremålet til fondet er å styrke næringslivet i distriktet. Avkastninga av kapitalen kan nyttast til prosjekt og forarbeid for nyetableringar. Vidare kan det nyttast til å styrke

Mobilbanken tek over meir og meir av banktransaksjonane.



eksisterande verksemder med tilskot til produkt-utvikling, konsulenttenester, opplæring og marknadsføring. Pågangen varierer noko frå år til år, men det er kvart år mange kvalifiserte som søker om midlar.

Framtida

I budsjettet for 2013 opprettheld vi ei offensiv satsing i heile bankorganisasjonen. Vi forventar at den gode utviklinga vil halde fram i 2013. Det er lagt opp til ei vekst i utlån og innskot på om lag 8 % og enda sterkare satsing på forsikring, plasserings- og betalingsformidlingsprodukt. Provisjonsinntekter frå desse produkta blir svært viktige framover.

God resultatutvikling er og viktig for å møte dei strengare regulatoriske krava til bankane. Styresmaktene sine krav om styrking av soliditeten, større likviditetsbuffer og auka kapitaldekning inneber at banken framover må søkje å bli enda meir kostnadseffektiv, ha ein sunn utlånsvekst, og auke utlånsmarginane til kundane.

Satsinga i Lesja og Dovre, med etablering av nytt avdelingskontor på Dombås, syner at banken har vekstambisjonar. Denne marknaden skal vera med på å styrke banken sin posisjon i Nord-Gudbrandsdalen og sikre banken sjølvstende i åra som kjem.

For å møte utfordringane i 2013 styrker vi også rådgjevarkorpset til banken med nye stillingar i Lom, Skjåk og Vågå. Kundesenteret vårt skal gjennom ei modernisering for å kunne tilby kundane våre enda betre service og tenester. Dette gjer vi for å oppretthalde måla med å vere ein moderne bank som skal yte personleg service, vere tilgjengeleg og ha kort veg til avgjerder. Dei tilsette skal være kompetente, effektive og grundige i all si framferd.

Vi er ein bank med stort samfunnsengasjement og dyktige medarbeidarar. Sjølv om styresmaktene gjennom lover og føresegner stiller nær like strenge krav til ein lokalbank som til nasjonale bankar, skal vi med offensiv tilnærming og endringsvilje kontinuerleg utvikle oss til beste for kundar, tilsette og samfunnet kring oss. Banken skal også i 2013 vera lønnsam og bidra til verdiskaping for tilsette, kundar og lokalsamfunn.

Vår visjon er " banken for deg". Den er krevjande å etterleve, men målsetjinga er klar.

Takk til forretningskontakter, tillitsvalde og tilsette

Styret takker forretningskontaktar, tillitsvalde og de tilsette for godt samarbeid i 2012. Banken har stor oppslutning av både gamle og nye kundar. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen fører til eit godt utgangspunkt for inneverande år.

Lom, den 18. februar 2013

Sevald Sperstad (styreleiar)
Arne Henning Falkenhaug (adm. banksjef)
Hans Kristen Skamsar
Anne Wangen
John Nyland
Rune Teigen

2012 - 139. driftsår (tall i 1000 kr)	Note	2012	2011
Renteinntekter og lignende inntekter		175.812	169.725
Rentekostnader og lignende kostnader		96.797	96.775
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	4	79.015	72.950
Provisjonsinntekter	5	27.919	23.123
Provisjonskostnader	5	1.787	2.021
Annen driftsinntekt	6	807	520
Netto provisjons- og andre inntekter		26.939	21.622
Utbytte	7	10.179	9.951
Netto verdiendring og gevinst/tap (-) på valuta og verdipapirer som er omløpsmidler	8	4.480	-8.282
Netto avkastning på finansielle investeringer		14.660	1.669
SUM INNTEKTER		120.614	96.241
Lønn og andre personalkostnader	9,17	29.204	24.669
Administrasjonskostnader	10	15.503	14.367
Ordinære avskrivninger	10,12	2.859	2.547
Annen driftskostnad	10	14.007	11.707
SUM DRIFTSKOSTNADER		61.573	53.290
DRIFTSRESULTAT FØR TAP		59.041	42.951
Tap på utlån og garantier	14	22.788	7.048
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT FØR SKATT		36.253	35.903
Skattekostnad	11	8.402	10.858
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		27.851	25.045
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overført til sparebankens fond		27.101	23.295
Overført til gavefond og/eller gaver		750	1.750
SUM DISPONERINGER	22	27.851	25.045

Pr. 31.12.2012 (tall i 1000 kr)	Note	2012	2011
EIENDELER			
Konter og fordringer på sentralbanker		27.337	21.193
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	13	234.825	295.879
Brutto utlån til og fordringer på kunder	14,18	3.331.873	3.159.759
Nedskrivninger på individuelle utlån	14	-37.720	-31.420
Nedskrivninger på grupper av utlån	14	-33.191	-27.937
Sum netto utlån og fordringer på kunder		3.260.962	3.100.402
Obligasjoner og sertifikater	15	146.011	118.201
Aksjer, andeler og egenkapitalbevis	16	84.572	72.164
Aksjer i felleskontrollert virksomhet	16	93.579	85.934
Aksjer i tilknyttet selskap	16	3.246	3.165
Utsatt skattefordel	11	0	1.308
Varige driftsmidler	12	29.148	24.570
Andre eiendeler		10.146	7.826
Forskuddsbetalte ikke påløpte kostnader og opptjente ikke mottatte inntekter		19.443	16.598
SUM EIENDELER		3.909.269	3.747.240
GJELD OG EGENKAPITAL			
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjoner	20	75.000	95.000
Innskudd fra og gjeld til kunder	19	2.549.823	2.375.228
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	20	742.353	766.293
Betalbar skatt	11	6.956	10.053
Annen kortiktig gjeld		22.988	14.835
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter		7.914	8.501
Pensjonsforpliktelser	17	1.133	1.329
Ansvarlig lånekapital	21	50.000	50.000
SUM GJELD		3.456.167	3.321.239
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital:			
Sparebankens fond		453.102	426.001
SUM EGENKAPITAL	22,23	453.102	426.001
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		3.909.269	3.747.240
Poster utenom balansen:			
Garantier	26	267.348	269.318
Pantsettinger	27		
Derivat	24		

Styret for SpareBank 1 Lom og Skjåk
Lom, 31.desember 2012
18. februar, 2013


Sevald Sperstad
Styreleder



Hans Kristen Skamsar


John Nyland


Anne E. Wangen


Rune Teigen


Arne Henning Falkenhaus
Adm.banksjef


Odd Egil Øyen
Økonomisjef

		2012	2011
	Resultat av ordinær drift før skatt	36.253	35.904
	Ordinære avskrivninger	2.859	2.547
	Nedskrivninger anl midler	0	0
	Gevinst ved avgang anl midler	0	0
	Tap ved avgang anl midler	0	0
	Reverserte nedskrivninger	0	0
	Tap på utlån	22.788	7.048
	Tap på sertifikater og obligasjoner	0	0
	Betalbare skatter	-10.114	-10.879
	Avsatt til gaver	-750	-1.750
1	Tilført fra årets drift	51.035	32.869
3	Endring diverse gjeld	7.294	3.077
4	Endring diverse fordringer	-5.166	-2.539
	Likviditetsendring i resultatregnskapet	53.163	33.407
5	Endring brutto utlån	-183.348	-76.785
6	Endring kortsiktige verdipapirer	-31.436	44.381
7	Endring innskudd fra kunder	174.595	263.456
8	Endring innskudd fra finansinstitusjoner		0
	Netto likviditetsendring fra virksomheten	A 12.974	264.459
9	Investering i varige driftsmidler	-7.437	-362
10	Salgssum varige driftsmidler	0	0
	Salgssum langsiktige verdipapirer	0	0
11	Endring langsiktige verdipapirer	-16.508	-4.351
	Likviditetsendring vedr investeringer	B -23.945	-4.713
12	Endring lån fra finansinstitusjoner o.a.	0	0
13	Endring innskudd fra Norges Bank	-20.000	0
14	Endring obligasjonsgjeld	-23.940	-176.339
	Likviditetsendring fra finansiering	C -43.940	-176.339
	A+B+C Sum endring likvider	-54.911	83.407
	Likvidbeholdning 1.1.	317.072	233.665
	Likvidbeholdning 31.12.	262.162	317.072
	som består av:		
	Kasse, Norges Bank	27.337	21.193
	Statskasseveksler	0	0
	Likviditetsinnskudd andre finansinstitusjoner	234.825	295.879
		262.162	317.072

Note 1 Generell informasjon

SpareBank 1 Lom og Skjåk har forretningsadresse 2686 Lom. Bankens organisasjonsnummer i Foretaksregisteret er 937 888 015. Banken opererer i Norge og reguleres av norsk rett.

Banken har ingen datterselskaper. Det er derfor ikke utarbeidet konsernregnskap. Bankens virksomhet er vurdert som en samlet virksomhet, dvs. ett segment.

Presentasjonsvaluta

Presentasjonsvalutaen er norske kroner som også er bankens funksjonelle valuta. Alle beløp er angitt i tusen kroner med mindre noe annet er angitt.

Note 2 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er utarbeidet etter regnskapslovens regler samt årsregnskapsforskriften for bank og gjeldende norske regnskapsstandards og forskrifter.

Inntektsføring og kostnadsføring

Renter og provisjoner tas inn i resultatregnskapet etter hvert som disse opptjenes som inntekter eller påløper som kostnader, i tråd med de generelle regnskapsprinsipper i regnskapsloven. Forskuddsbetalte inntekter og påløpte ikke betalte kostnader periodiseres og føres som gjeld i bankens balanse. Opptjente ikke betalte inntekter inntektsføres og føres opp som et tilgodehavende i balansen. Utbytte fra aksjer og egenkapitalbevis inntektsføres det året det mottas. Gebyrer som er direkte betaling for utførte tjenester, tas til inntekt når de betales. Etableringsgebyr overstiger ikke kostnadene forbundet med etablering av lån og tas derfor til inntekt i etableringsåret.

Utlån og garantier

Utlån og garantier er bokført i henhold til gjeldende lover og forskrifter. Utlån til kunder blir pr 31.12.2012 vurdert til virkelig verdi. Utlån skal i senere perioder etter etableringstidspunktet, vurderes til amortisert kost. Amortisert kost er anskaffelseskost med fradrag for betalte avdrag på hovedstol samt eventuelle nedskrivninger for verdifall gitt en inntruffet tapshendelse. Den effektive renten er den renten som nøyaktig diskonterer estimerte framtidige kontante inn- eller utbetalinger over det finansielle instrumentets forventede levetid.

Fastrenteutlån til kunder regnskapsføres som øvrige utlån. Informasjon om beregnet markedsverdi på utlånene opplyses i egen note (se note 14a).

Før hvert kvartalsskifte blir alle engasjement i de to høyeste risikoklassene gjennomgått med hensyn til eventuell nedskrivning. Andre vesentlige engasjement blir gjennomgått årlig uavhengig av risikoklasser.

Nedskrivning for tap på utlån foretas når det foreligger objektive indikasjoner for at et utlån til en kunde eller en gruppe av utlån til kunder, har verdifall.

Individuelle nedskrivninger foretas dersom det foreligger en objektiv indikasjon på redusert kredittkvalitet hos kunden. Nedskrivningen beregnes som forskjellen mellom balanseført verdi og nåverdi av estimerte fremtidige kontantstrømmer neddiskontert med lånets effektive rente. Verdi av pantsikkerhet fastsettes til antatt realisasjonsverdi på forventet fremtidig realisasjonstidspunkt.

Den effektive renten som benyttes, er lånets effektive rente før objektive indikasjoner på verdifall ble identifisert.

Nedskrivninger reverseres helt eller delvis når verdifallet anses å være helt eller delvis bortfalt. Når banken konstaterer tap på engasjement, som det tidligere er gjennomført individuelle nedskrivninger på, blir hele tapet rapportert som konstatert i perioden, mens den individuelle nedskrivningen blir tilbakeført. Innkomne beløp på tidligere avskrevne engasjement, rapporteres som reduksjon i tap på utlån og garantier.

Utlån som ikke har vært gjenstand for individuelle vurderinger for verdifall, vurderes samlet i grupper. Utlån som er vurdert individuelt, men hvor nedskrivning ikke er foretatt, blir også vurdert i grupper. Vurderingen baseres på objektive indikasjoner for verdifall som har inntruffet på balansedagen og som kan knyttes til gruppen. Gruppene er definert som utlån med like risiko- og verdiegenskaper basert på inndeling av kundene etter hovedsektorer og hovednæringer. Beregning av nedskrivningsbehov foretas per kundegruppe med utgangspunkt i historiske gjennomsnittlige tap. I tillegg estimeres fremtidige tap fra bankens risikoklassifiseringssystem på porteføljenivå uavhengig av kundegruppe. Gruppene i nedskrivninger reduserer engasjementenes regnskapsførte verdi i balansen.

Individuelle og gruppevisse nedskrivninger resultatføres som tap på utlån og garantier.

Overføring av låneporteføljer til SpareBank1 Boligkreditt AS

SpareBank 1 Boligkreditt AS er etablert som kredittforetak etter konsesjon fra Finanstilsynet og er lokalisert i Stavanger. Hovedformålet med foretaket er å sikre eierne stabil og langsiktig finansiering til konkurransedyktige priser. Lov med forskrifter som gir foretaket anledning til å utstede obligasjoner med fortrinnsrett, ble ferdigstilt juni 2007. SpareBank 1 Lom og Skjåk har ved utgangen av 2012 overført 663,1 mill. kr. i boliglån til foretaket og beløpet er ikke med i note 14 c) "Risikoklassifisering".

Aksjer i felleskontrollert virksomhet

Investering i felleskontrollerte virksomheter er regnskapsført til historisk kostpris. Nedskrivning til virkelig verdi skjer dersom verdifallet anses for å være varig og virkelig verdi er lavere enn historisk kostpris. Eventuelle nedskrivninger blir reversert når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede. Utbytte fra felleskontrollerte virksomheter regnskapsføres det året det mottas.

Aksjer, aksjefond og egenkapitalbevis

Ikke børsnoterte aksjer og andeler i deltagerlignede selskaper er klassifisert som anleggsmidler og vurdert til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi per post. Eventuelle nedskrivninger blir reversert når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede. Aksjer, aksjefond og egenkapitalbevis som er notert på børs, er klassifisert som omløpsmidler. Bankens beholdning av verdipapirer klassifisert som omløpsmidler er definert som handelsportefølje. Handelsportefølje består av bankens posisjoner i finansielle instrumenter som banken har for egen regning med henblikk på videresalg eller for på kort sikt å dra fordel av prisvariasjoner. Banken sin handelsportefølje vurderes å være lett omsettelige i et likvid marked. Disse behandles regnskapsmessig som en portefølje og vurderes til markedsverdi pr 31.12.2012.

Obligasjoner og sertifikater

Obligasjoner og sertifikater er klassifisert som omløpsmidler. Disse behandles regnskapsmessig som en portefølje og vurderes til markedsverdi pr 31.12.2012.

Egenutstedte obligasjoner

Beholdningen av egne utstedte obligasjoner er nettoført mot obligasjonsgjelden til pålydende verdi.

Eiendom, anlegg og utstyr

Styret og administrerende banksjef er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og administrerende banksjef finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet for Lom og Skjåk Sparebank avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2012 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.


Uttalelse om øvrige forhold*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at styret og administrerende banksjef har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Lillehammer, 18. februar 2013
ERNST & YOUNG AS



Lars Løkken
statsautorisert revisor

MELDING FRA KONTROLLKOMITEEN I SPAREBANK 1 LOM OG SKJÅK

Melding til Forstanderskapet i SpareBank 1 Lom og Skjåk og Kredittilsynet om kontrollkomitéens arbeid i år 2012.

Kontrollkomitéen har i kalenderåret avholdt 7 møter. Arbeidet har nedfelt seg i 16 saksnummer i Kontrollkomitéens møteprotokoll.

Kontrollkomitéens virksomhet har omfattet følgende:

- Gjennomgang av bankens kontrollrutiner og undersøkt om disse har blitt fulgt.
- Ført kontroll med bankens låneengasjementer og de tilhørende sikkerheter, gjennomgått overtrekk av konti og garantiforpliktelser.
- Ført kontroll med at forvaltningen av sparebankens midler og bankens virksomhet for øvrig er drevet i overensstemmelse med Sparebanklovens § 24, jfr. § 25, bankens vedtekter, forstanderskapets vedtak og andre bestemmelser banken plikter å rette seg etter.

Videre har kontrollkomitéen gjennomgått styrets møte- og beretningsprotokoll, og komitéen har også deltatt i møte med bankens styre, forstanderskapets formann og bankens revisor.

Kontrollkomitéen har fått framlagt de tilleggsopplysninger og de dokumenter som den i det enkelte tilfellet har bedt om eller som den har hatt bemerkninger til.

Kontrollkomitéen har gjennomgått styrets årsberetning, revisors beretning, resultatregnskapet og balansen. Kontrollkomitéen vil tilrå at det framlagte resultatregnskap og balansen fastsettes som SpareBank 1 Lom og Skjåks regnskap for år 2012.

Lom, den 18. februar 2013

Kontrollkomitéen for SpareBank 1 Lom og Skjåk

Kirsti Kolsøe Morken

Tordis Brandsar

Ola Lund



Lom og Skjåk Sparebank
(Merkenavn SpareBank1 Lom og Skjåk)

Erklæring fra styrets medlemmer og adm.banksjef
Avgitt i samsvar med Lov om verdipapirhandel §5-5 2 ledd pkt. 3

Styret og adm.banksjef har i dag behandlet og godkjent årsberetningen og årsregnskapet for Lom og Skjåk Sparebank for kalenderåret 2012 og pr. 31.desember 2012.


Årsregnskapet er avlagt i samsvar med regnskapslovens og god norsk regnskapsskikk pr. 31.desember 2012.


Årsberetningen er i samsvar med regnskapslovens krav og Norsk Regnskapsstandard pr. 31. desember 2012.


Etter styrets og adm.banksjefs beste overbevisning er årsregnskapet 2012 utarbeidet i samsvar med gjeldende regnskapsstandarder, og opplysningene i regnskapet gir et rettviseende bilde av bankens eiendeler, gjeld og finansielle stilling og resultat pr. 31.desember 2012. Etter styrets og adm. Banksjefs beste overbevisning gir også beskrivelsen av de mest sentrale risiko-og usikkerhetsfaktorer banken står overfor i neste regnskapsperiode en rettviseende oversikt.

Lom den 18.februar 2013



Sevald Sperstad
styreleder


Hans Kristen Skamsar


Anne Wangen


John Nyland


Rune Teigen


Arne Henning Falkenhaus
Adm.banksjef

Erklæring fra styrets medlemmer og adm. banksjef

Næringslivet i kommunane våre er sjølvsagt eit "speglbilete" av den lokale aktiviteten. Banken hadde gjerne sett at det hadde vore høgare aktivitetsnivå, noko som på lang sikt skapar auka sysselsetjing.

Det har vore ein reduksjon i talet på konkursar i Oppland, med ein nedgang fra 159 i 2011 til 147 for 2012. Våre 5 kommunar (Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk) hadde i 2011 10 konkursar, mot 7 konkursar i 2012. Lom og Skjåk hadde ingen, medan Vågå og Dovre hadde 2 kvar, Lesja hadde 3.

Statistikken nedanfor syner også utvikling i ein del sentrale tal for bedrifter i dess fem kommunane. Det er positivt å registrere at andel bedrifter med positive resultat er veksande, kommunane sett under eitt.

	Føretak med positivt årsresultat	Føretak med positiv eigenkap.	Føretak med oms. vekst > KPI	Føretak med vekst i verdisk.	Andel arb. plassar i b. befolkning
Lesja	64,6%	80,0%	56,9%	48,3%	26,1%
Dovre	67,3%	90,4%	52,2%	46,7%	34,2%
Vågå	62,9%	84,7%	51,9%	45,4%	28,1%
Skjåk	67,8%	79,3%	69,5%	52,4%	35,3%
Lom	67,3%	86,1%	51,6%	50,5%	34,7%

Landbruk

Det ser framleis ut til at landbruket går mot større einingar og at talet på gardbrukarar held fram med å gå ned. Frå 1999 til 2010 har talet på jordbruksforetak i våre 5 kommunar gått ned med mellom 40 og 50 foretak i kvar kommune. Verdiskapinga har auka totalt sett. Bruk av dyrka areal er stabilt. Det har også vore ein trend at mindre samdrifter har vorte oppløyste. Dette resulterer ofte i at ein av gardbrukarane held fram som aktiv brukar og at han leiger kvoter av dei andre.

Landbruket er ei stabil og god næring for banken. Vi registrerer at utlånsandelen til landbruket er stabilt veksande saman med resten av næringslivet blant kundane i banken.

Satsinga vår med Dombåskontoret som vart åpna 24.05.2012, har vorte godt motteke. Vi har gjennom 2012 fått mange nye og gode landbrukskunder i Lesja og Dovre. Vi håpar at dette held fram i åra framover.

Reiseliv

Næringsprisen i Lom kommune vart for 2012 gjeve til Borgny og Magnar Mundhield på Raubergstulen Turisthytte. Dette er med og stadfestar at reiselivet er viktig for Lom. Vi veit at det blir arbeidd for å styrke reiselivssatsinga i Nord-Gudbrandsdalen. Dette med bakgrunn i statistikk som viser ein nedgang på 100.000 gjestedøgn dei siste 10 åra, noko som dessverre er dramatiske tal.

Ottadalen hadde ein auke i antal gjestedøgn i 2012 på 3,3%. Lom hadde ei auke på heile 12,2%. Truleg skuldast dette mellom anna at Galdhøpiggen sommarkisenter hadde ein god sesong med fine forhold. Hotella i Ottadalen hadde dessverre ein nedgang på 15% i 2012.

Handel

Det har vore ei endring i handlemønster i kommunane Vågå, Skjåk og Lom i dei fire åra frå 2008-2011. Ifylgje denne statistikken frå SSB har omsetjing pr innbyggjar gått ned med 3,4% i Skjåk, Vågå opp med 5,6% og Lom har hatt ei auke på 24,9%. Talet på tilsette har og auka i perioden.

Industri

Desse bedriftene er viktige for lokal sysselsetjing. Vi veit og at kvar industriarbeidsplass bidreg til om lag 4 arbeidsplassar i tillegg til dei i eiga bedrift. Norge generelt har ei utfordring i innlandsindustrien og dette merkar vi og i vårt distrikt. Delar av industrien går heldigvis svært godt, medan andre delar dessverre har utfordringar.



Borgny og Magnar Mundhield vart tildelt Næringsprisen for Lom kommune 2012.
Foto: Tom Erik Solstad, Fjuken.



Ottadalen hadde ein auke i antal gjestedøgn i 2012 på 3,3%. Lom hadde ei auke på heile 12,2%.
Foto: Ola Gjeilo, Visus.

Entreprenørar

Vi veit at dette er og har vore ei utfordrande bransje siste åra. Det har og vore fleire store konkursar i Norddalen dei siste par åra utan at det har påverka banken. Dette seier truleg også noko om det lokale aktivitetsnivået, jfr innleiinga.

Transport

Banken har relativt mange kundar i denne næringa. Næringa er prega av stor konkurranse både frå norske og utanlandske aktørar, noko som har gjeve utfordringar med omsyn til inntening og marknads-tilpasning.

Det ser likevel ut til at dei aller fleste har klart og klarar seg godt i denne tøffe marknaden. Dette skuldast truelg at "våre" transportørar er vel ansett. Dei leverer varene i ordets rette forstand. Vi ser og at det blir arbeidd godt i marknaden for å skaffe seg nye oppdrag.

Innskytarvalde:

Arne Kvamme, Lom
Herdis Kvamme Repp, Lom
Hans Martin Graffer, Garmo
Magny Hilde, Lom
Erik Frisvold, Garmo
Brit Hoft, Lom
Torill Vigstad, Skjåk
Amund Hånsnar, Skjåk
Unni Rusten Olstad, Skjåk
Stig Thorgeir Aamodt, Skjåk
Anne Gro Skjåkødegård, Nordberg
Odd Ivar Bakken, Nordberg

Kommunevalde:

Dagfinn Kvålshagen, Bøverdalen
Norvald Hellekveen, Lom
Odd Arne Kroken, Lom
Trygve Husom, Lom
Mai Bakken, Lom
Mari Beate Kleiven, Lom
Kjell Egil Ramstad, Nordberg
Aud Hove, Skjåk
Mari Langleite Barrusten, Skjåk
Lars Kåre Mork, Nordberg
Mathilde Skamsar, Skjåk
Magne Nyhus, Nordberg

Valde av og blant dei tilsette:

Rune Torkveen, Lom
Randi Skjåkødegård, Nordberg
Per Morten Kleppe, Sel
Anne Haugen, Vågå
Amund Teigen, Skjåk
Kristin Resvoll, Skjåk

Varamedlemmer innskytarvalde:

Harald Lyngved, Garmo
Marie Galaaen, Bøverdalen
Oddny Marit Aaboen, Nordberg
Tore J. Odden, Skjåk

Varamedlemmer kommunevalde:

Bente Flaten, Bøverdalen
Per Bådshaug, Lom
Bernt Dahl, Skjåk
Audun Sperstad, Skjåk

Varamedlemmer tilsette:

Kjell Ola Haugen, Vågå
Sveinung Tykket, Lom
Laila Rusten, Skjåk

Styret:

Sevald Sperstad, Skjåk
Hans Kristen Skamsar, Skjåk
Anne Wangen, Bøverdalen
John Nyland, Lom
Rune Teigen, Lom

Varamedlemmer styret:

Anne Lise Marstein, Garmo
Jostein Hole, Skjåk
Wenche Ritha Vilhelmsen, Lalm

Kontrollkomitè:

Tordis Brandsar, Skjåk
Kirsti Kolsøe Morken, Skjåk
Ola Lund, Lom

Varamedlemmer kontrollkomitè:

Kjell Arne Jøingsli, Nordberg
Solveig Storlien, Lom

SpareBank 1 Lom og Skjåk har i alle år vore ein god støttespelar for samfunnet i Lom, Skjåk og Vågå. Ottadalen har aktive idrettsmiljø og rikt kulturliv. Dette er viktig samfunnsbygging, som vil vere sentral for å oppretthalde utviklinga i bygdene. SpareBank 1 Lom og Skjåk ynskjer å vera ein aktiv samarbeidspartnar og ta del i denne utviklinga.


Totalt utgjorde dette bortimot 3,9 mill. kroner som sponsormidlar og gåver til allmennyttigge føremål i 2012. Banken prioriterer tiltak som skapar aktivitet for barn og ungdom.

Idrettslaga i Lom, Skjåk og Vågå er dei som har flest medlemmer blant barn og unge, og er derfor "eigarar" av dei største sponsoravtalene. Banken ser det også som viktig å sponse enkeltpersonar som ynskjer å utvikle talentet sitt om det er innan idrett eller song og musikk.

Banken har femårsavtale med Dombås Skiarena (nå SpareBank 1 Skiarena) der vi er inne med kr. 200 000,- pr år.

Hovudfoto: Frå NM i skiskyting på Dombås 2013 (Foto: Guro Vollen / Vigga). Innfelt: Frå skirenn i Lia (Foto: Peder Sperstad).





Sparebank 1 Lom og Skjåk er 140 år i 2013. Lom og Skjåk Sparebank vart formelt stifta i 1873 og opna si verksemd på Andvord i Lom 2. januar 1874. Håvard Teigen skreiv i 1998 boka "Banken som bygdeutviklar" i høve 125 årsjubileet. Vi tek her med eit lite utdrag frå denne boka. Mykje av det som er attgjeve her og i boka til Teigen er direkte sitat frå boka som vart utgjeven i høve 75-års jubileet til banken. Ein del har sjølv sagt endra seg sidan 1998. SpareBank1 er for lengst ein realitet og banken har utvida sitt virkeområde med kontor både på Vågå og Dombås i tillegg til avdelinga i Bismo og hovudkontoret i Lom.

Historia til Lom og Skjåk Sparebank har ikkje berre lokal, men også nasjonal interesse. Dette er det to grunnar til. Den eine er, merkjeleg nok, at banken alltid har vore lokal. Banken har aldri slått seg saman med andre bankar og har heile tida vore den dominerande banken i desse bygdene. Derfor kan ei historie om samlivet mellom denne banken og bygdene gje allmenn innsikt i tilhøvet mellom bank og lokalsamfunn over ein så lang periode.

Den andre grunnen er også knytt til at banken aldri har fusjonert. Historia til Lom og Skjåk Sparebank kan gje innsikt i det som fleire og fleire oppdagar: at det ikkje er stordriftsfordelar i bankdrift. Forbrukargranskingar viser at dei små og mellomstore bankane med hovudankring i ein region gjev dei beste økonomiske tilboda til kundane sine og får takk tilbake i form av størst kundeloyalitet.

Eit gammalt uttrykk som vi alle kjenner er at «det kjem an på auga som ser». Dette gjeld også historia til Lom og Skjåk Sparebank og det samfunnet som denne banken har utvikla seg saman med. Eg har prøvd å vere tvisynt på den måten at eg med det eine auga ser langt og vidt medan eg med det andre prøver å fange inn det spesielle og det lokale.

Med det eine auga kan vi sjå historia til banken og bygdene som eit uttrykk for korleis heile det norske samfunnet har utvikla seg i løpet av dei åra banken har verka.

Det er interessant å sjå historia til banken og bygdene i eit slikt perspektiv. Vi får på den måten fanga inn den økonomiske historia sett nedanfrå og frå ein norsk utkant på same tida som vi fangar inn dei sentrale trekka ved den nasjonale og internasjonale økonomiske historia. Sett med dette auga ser vi at da banken vart grunnlagt i 1873 var det ein del av sparebankvesenets allmenne framvekst i Norge.

Lom og Skjåk Sparebank kom verken spesielt tidleg eller spesielt seint. Dei første sparebankane kom i dei største byane og spreidde seg derifrå og ut over landsbygda og opp over dalane til fjellbygdene.

Avgjerande vegval

I seinare fasar kan vi studere korleis Lom og Skjåk Sparebank, som alle andre småbankar, må ta avgjerande vegval. Talet på sparebankar har vorte redusert til omlag ein femtedel i høve til tidleg på 1960-talet (i 1998).

Sett med det same auga kan vi bruke bankens historie til å vise korleis dei første tjue åra vart prega av ei internasjonal krise. Det billege kornet frå dei amerikanske præriane kom inn og ungdomane i bygdene vandra ut til landet der markens grøde var så mykje rikare. Seinare studerer vi dei lokale verknadene av høgkonjunktura etter første verdskrig og korleis dei mange lokale opp- og nedturane seinare i sterkare og sterkare grad har vore lokale etterdønningar frå internasjonale stormkast.

Kort sagt: med dette auga kan vi studere ei utvikling og vise korleis Lom og Skjåk via den lokale sparebanken har utvikla seg frå lokale krets- laup til å bli ein del av den moderne globaliseringa. I dag blir ikkje rentenivået vedteke verken av regjeringa eller bankstyret, men følgjer oljeprisane på verdsmarknaden. Både regjering og bankstyre tilpassar seg etter beste evne.

Ein kan leite etter det spesielle ved denne banken og desse bygdene. Det er her tvisynet kjem inn. Ved å leite etter det spesielle kan vi kanskje seie noko meir om dette: er det mogleg i dag å trasse dei store globale utviklingsstrekka og å skape seg si eiga historie? Er det mogleg å vere kjerringa mot straumen i finanssektoren, den mest internasjonale og globale delen av verdsøkonomien? Ingenting flyt i dag lettare og i striare straumar over landegrensene enn pengar og kapital.

Også her er Lom og Skjåk Sparebank eit studium verdt. Banken har på mange område hatt ei utvikling som nesten minner om å oppheve tyngdelova. Spesielt i etterkrigstida har banken også fått som ein meir og meir uttala politikk å symje motstraums.

Negativ befolkningsutvikling

Kommunane Lom og Skjåk har i dei fleste åra som banken har eksistert hatt ei dårlegare utvikling enn landet elles. Dette gjeld spesielt kundegrunnlaget for banken. Flyttestraumen av folk har gått med- straums frå fjellbygdene til flatbygdene og Oslofjord-området der byane har teke imot.

Men, medan folketalet heile tida har utvikla seg dårlegare enn landsgjennomsnittet, har Lom og Skjåk Sparebank så og seie heile tida hatt ei betre utvikling enn landsgjennomsnittet av sparebankar.

Dette minner ikkje så lite om å oppheve tyngdelova. Men det stoppar ikkje her. Dei fleste små og sjølvstendige sparebankane meistrar marknadskreftene med å unngå utfordringane. Det vil seie at dei unngår risiko og er bankar først og fremst for personkundane slik sparebanktanken opprinneleg var. Slik er det ikkje med Lom og Skjåk Sparebank. Denne banken har gått inn i risiko- fylte næringslivsengasjement med fynd og klem, har teke store risikoar og har nå i år etter år vore ein av dei sparebankane i landet som har hatt størst tap i høve til forvaltningskapitalen. Også dette har vore resultat av eit vanskeleg vegval. Banken har teke ansvar for lokalsamfunnet og har nesten «nekta» bedrifter å gå konkurs.

Så har vel dette ført til at Lom og Skjåk Sparebank har kome i krise og har vorte tappa for eigenkapital? Svaret er nei. Og forklaringa er at banken driv så godt at sjølv i dei største tapsåra har banken jamt over auka eigenkapitalen. Lom og Skjåk Sparebank er rett og slett ein av dei bankane i landet som driv billegast.

Også her har banken tilsynelatande oppheva ei naturlov. Medan så og seie alle bankfusjonar i teorien har vorte grunngjeve med å spare kostnader, har Lom og Skjåk Sparebank gjort det i praksis. Banken har i alle år drive langt billegare enn sin lokale konkurrent (Sparebanken Nor) som er den største sparebanken i landet. Dette er ikkje berre å oppheve ei påstått tyngdelov, men det er nesten kjettersk.

At samanslåingar og stordrift er sikraste vegen til evig liv og himmelriket, er ei truedkjening som media messar om mange gongar kvar dag. Men det er ikkje media som har skulda eller som har funne det opp. Sparebankhistoria er ei einasta lang forteljing om at også styresmaktene og dei leiande kretsane i Sparebankforeninga har slutta seg til den nyaste av alle verdsreligionar. Dei fleste utgrei- ingane om bankstrukturen i etterkrigstida kan lesast som fortløpane evangelium om den same Messias: storbanken som frelsar.



Lom og Skjåk Sparebank er derfor svært interessant å studere også som einstøying. Som kjerringa mot straumen. Men banken er ikkje spesiell av di den er sjølvstendig, men på grunn av måten han er sjølvstendig på. Banken tek altså stor risiko i motsetnad til det vanlege blant små og mellomstore sjølvstendige sparebankar. Da andre bankar innførte eit «gebyrregime», gjekk Lom og Skjåk Sparebank ut i riksmedia og sa NEI. Dei hadde ei moralsk kontrakt med sine kundar om å bruke sjekken gratis og ville ikkje endre kontrakta i ettertid.

Satsa på Oslo-marknaden

Da andre småbankar valte å konsentrere seg om heimemarknaden der dei hadde monopol, satsa Lom og Skjåk Sparebank på Oslo-marknaden der konkurransen om kundane er størst.

Kva er forklaringa på denne suksessen med å gå mot straumen og å oppheve allment godtekne tyngdelover? Eg har lagt til grunn at forklaringa ikkje ligg berre i banken, men i tilhøvet mellom bank og bygd. I denne boka prøver eg derfor å studere banken som del av ein lokal kultur, ei lokal historie og eit lokalt nettverk. Banken si historie er eit resultat av dette lokalsamfunnet sine formelle og uformelle spelereglar, eller institusjonar som det ofte blir kalla.

Vi ser korleis det gamle og tradisjonelle slektsamfunnet vart planta inn i banken og på den måten vart ein del av moderniseringa i bygdene. Dei same familiane og dei same nettverka har dominert banken og bygdene i slektsledd etter slektsledd, men nye grupper blir teke opp, integrert og inkludert. Det er spesielt spennande å sjå korleis det gamle bondesamfunnet og den nye arbeidarrørsla fann kvarandre nettopp i samvirke-tiltak som sparebanken, forbrukarsamvirket og foredlingsindustrien i landbruket. Dette gav lokalsamfunnet styrke og motstandskraft gjennom samarbeid der alternativet kunne ha vore konflikt.

Eg har opplevd det som viktig, riktig og fruktbart å studere utviklinga med både augo. Med det auga som ser banken som del av den allmenne utviklinga får ein også betre føresetnad for å forstå og å analysere i kor stor grad banken verkeleg er spesiell. Nyare granskingar viser at Lom og Skjåk Sparebank kanskje likevel ikkje er så spesiell når banken driv så godt. Nyare granskingar viser nemleg at dei små sparebankane jamt over gjev kundane betre vilkår enn dei store. Det er den nye verdsreligionen, trua på stordriftsfordelane, som viser seg å vere feil. Det er ikkje stordriftsfordelar i bank.

Rett nok står det fast at Lom og Skjåk Sparebank også er blant dei beste av dei mindre og sjølvstendige sparebankane, men det mest spesielle med banken ser ut til å vere at han har så lojale og tilfredse kundar. Ei stor bankgransking gjort i 1998 viste at Lom og Skjåk Sparebank i særstilling var den banken som hadde dei mest tilfredse kundane. Banken var så suverent i tet blant dei bankane som vart undersøkt at instituttet som gjorde granskinga uttala at banken truleg var på toppen, kanskje heilt på toppen, blant alle bankane i landet.

Ei gransking som finanstidsskriftet Dine Penger gjorde omtrent på same tida viste at Lom og Skjåk Sparebank var blant dei aller fremste bankane (nummer sju av ca 150) for ein nyetablert kunde som har større lån enn innskot. Banken var derimot meir på det jamne for kundar med større innskot enn lån. Lom og Skjåk Sparebank er med andre ord ein betre bank for fattig enn for rik.

Det vi ut frå dette kan seie er at sjølv om banken objektivt sett er god, så blir han opplevd som enda betre enn han er. Kvifor? Patriotisme ligg der som ei mogleg forklaring. At banken aldri har gjort kundane noko pek, men har halde seg unna upopulære gebyr er eit anna element. Banken er rett og slett god på mange ting som ikkje er målbare. Dessutan betaler banken alle rekningane til kundane sine utan å ta seg betalt for arbeidet. Det er ikkje med i reknestykka og gjer at banken kanskje er enda betre enn det finanstidsskriftet kom fram til.

På den andre sida viser denne boka at banken har hatt kjenneteikn som også kunne ha slege negativt ut. Etter andre verdskrig viste det seg at NS-medlemmene sat tett i styre og forstandarskap. Alle laut ut. Sjølv om nye grupper er teke opp har banken vore sterkt dominert av bondestanden. Anna næringsliv har vore underrepresentert. Det har også kvinnene vore.

Likevel oppsummerer det positive og det negative seg til at knapt nokon bank i landet har meir tilfredse kundar. Eg vonar at boka vil gje djupare innsikt i korleis folk og bank kan kome så nær kvarandre.

Hadde greidd seg utan bank i alle år

Den lange striden og dei mange førebuingane fram til banken vart starta opp i 1873 vart godt og nøyaktig skildra i boka som banken gav ut til 75-årsjubileumet. Den spennande forteljinga om korleis ideen om ein bank kom til bygda og slo rot, fortel i seg sjølv noko om bygdesamfunnet. Gjennom folketeljinga to år etter at banken vart til

får vi vite meir om samfunnet. Vi får eit bilete av korleis folk vart plasserte i det gamle standsamfunnet, og vi får eit inntrykk av kva dei arbeidde med og kva dei levde av. Dette finn vi meir om i lensmannsmeldingar og andre kjelder som fortel om lønsnivå og prisar på dei viktigaste varene.

På siste delen av 1800-talet skjer det vesentlege endringar i Lom og Skjåk. Det blir skipa bank og forsikringsselskap i bygdene. Butikkar veks opp i mest kvar ei grend. Det kjem endringar i reiskapsbruken i jordbruket.

Alt dette er teikn på at pengar må ha fått ein større eller ein annan plass i bygdesamfunnet. Sjølvbergings-, bytearbeids- og bytehandelsøkonomi hadde tidlegare gjort at få eller ingen sakna butikk eller bank. Men nå kom nye kjøpevarer inn også i det vanlege hushaldet til delar av bygdefolket. Mange var skeptiske til framgangen. Kaffedrikken var noko av det nye. Mange likte det ikkje, og kaffekjelen vart kalla «den svarte penningtjuven».



Oppstartingsåra for banken fall saman med den store utvandringa til Amerika. Det er to ulike måtar å sjå utvandringa på i høve til banksoga. Den eine er at bygdesamfunnet vart tappa for oppspart kapital og store menneskelege verdiar. Omvendt kan ein leggje vekt på at utvandringa gjorde at det vart så stort folketal å brøfø på små åkerlappar. På bildet blir det gjort klart for at emigrantskipet Montebello skal leggje frå kai i Bjørvika i 1903. Foto: Anders Beer Wilse. Utlånt frå Norsk Folkemuseum.



«Lom og Skjåk Sparebank gjennom 75 år» vart skriven til 75-årsjubileumet. Det var dei to som hadde vore tilsett i banken ei stund, banksjef Austin og Torstein Brustugun som arbeidde med dette og dokumenterte utviklinga i banken fram til krigen svært godt.

Men det skjedde meir og på mange måtar større endringar samstundes. Kan hende det aller viktigaste var at folk tok til å rømme bygdene i strie straumar. Dei fór til byen og fann seg arbeid der. Mange reiste vidare til Amerika, eller dei reiste direkte utan byen som mellomstasjon. Etter kvart gjekk den strie straumen direkte frå bygda til Amerika. Folketalet byrja å gå ned. Ikkje berre det. Husmannsvesenet viste teikn til å gå i oppløysing. Den store utvandringa hang saman med den sterke folkeveksten som hadde vore frå fyrst på 1800-talet. Omreisande handelsmenn bar bod om butikken som skulle kome. Ja, dei fyrste hadde alt prøvd seg med å drive butikk på midten av 1800-talet, men levetida til desse fyrste landhandleria var kort. Rike bygdefolk hadde lenge drive pengeutlån på privat basis. Endringar i reiskapsbruken i jordbruket skreiv seg truleg frå tidlegare på 1800-talet også i Lom og Skjåk.

Lom og Skjåk sparebank stifta

Lom og Skjåk Sparebank vart formelt stifta i 1873, og opna verksemda si 2. januar 1874 på Andvord i Lom. På dette tidspunktet hadde sparebankvesenet i Norge ei 50-årig historie. Den fyrste sparebanken, Christiania Sparebank, kom i 1822. Det starta altså i hovudstaden. Denne etableringa var ein impuls eller eit startskot for mange andre. I 1840, 18 år etterpå, var det danna ikkje mindre enn 24 sparebankar. Men, berre tre av desse låg på landsbygda.

Sparebankideen kom frå utlandet. I jubileumsboka som vart gjeve ut ved 75-årsjubileumet, peika forfattarane på den skotske presten Henry Duncan som fadder for sparebankane. I 1810 skipa han og andre sparebank i den vesle byen Ruthwell. Nyare forskning har vist at Duncan ikkje var fyrst ute likevel. Dei fyrste sparebankane fann vi truleg i Tyskland. Etter initiativ frå «Hamburgs selskap til fremme av kunst og nyttige tiltak» vart Hamburger Sparcasse grunnlagd 32 år før den skotske banken.



Den gamle bygningen på garden Andvord der Lom og Skjåk Sparebank starta opp bankverksemda den 2. januar 1874. Den nørde delen i fyrste etasje kan vere oppført så tidleg som på 1600-talet. Utlånt frå Jenny Andvord.

Etter denne fyrste etableringa i Hamburg året 1778 spreidde sparebanktanken seg til fleire byar i Tyskland. Vanskelege år med revolusjon og napoleonskrigar gjorde at mange av bankane vart nedlagde, slik at det i 1817 var berre fem aktive sparebankar.

Trass i at sparebankane oppstod i Tyskland, var det Storbritannia som skapte industrialiseringa og det moderne pengesamfunnet som la grunnlaget for eit bankvesen til nytte for folk flest. Presten Duncan vil ha sin plass i historia som spareideolog, sjølv om han ikkje var fyrst ute med sparebanken sin. Som spareideolog sette han opp desse grunnsetningane for bankdrift:

- Folket skal lære seg å skjønne nytten av sparsemd. Jæmvel dei fattigaste har ofte utlegg som ikkje er naudsynte
- Når ein sparebank er grunnlagd, skal han halde fram ved hjelp av eigne middel.
- Sparebanken skal ha ein fast og definitiv skipnad.
- Sløsing skal straffast, sparsemd skal lønast.

Det lange svangerskapet

I boka Lom og Skjåk Sparebank gjennom 75 år vart det lange svangerskapet frå 1838 fram til banken var ein realitet i 1873, skildra:

Da den fyrste planen for Loms og Skiagers Sparebank vart approbert ved «høyeste resolution» av 27. mai 1873, var det gått over 35 år sidan tanken om ein sparebank for desse bygdene fyrste gong var bori fram offentleg. Gardmann Tosten

Knudsen Ekle hadde nemleg så tidleg som 9. februar 1838 i skriv til Lom formannskap gjort framlegg om å skipa ein sparebank for Lom. (Lom og Skjåk var på den tida og fram til 1863 ein kommune.) Det er naturleg at dette skrivet ikkje førte til noko positivt resultat. Ein må vera merksam på at dette berre var eit par tiår etter den store krisa Noreg gjekk igjennom i åra kring 1814. Det var og berre 16 år etter at den fyrste sparebanken vart grunna her i landet, og 17 år før den fyrste sparebanken i Gudbrandsdalen vart grunna. Det er derfor så mykje meir forvitneleg at det i ei avstengd bygd som Lom verkeleg fans menn som fylgde så godt med at dei i det heile kunne fostre ein tanke som denne på den tida. Omgrepet sparebank var den gong tvillaust ikkje alment kjent korkje her i bygdene eller i landet elles. Den fyrste sparebanken var grunna i 1822 (Christiania Sparebank), den fyrste landssparebanken fyrst i 1835 (Søndre Hedemarkens Sparebank), og sparebankane hadde såleis enda ikkje vaksi fram til nokon framskoten plass i medvitet hos det breie lag av folket.

Neste gong tanken om å skipa ein sparebank for Lom og Skjåk kom offentleg fram var i 1849, da kyrkjesongar Flotten gjorde framlegg om dette til Lom formannskap. Med framlegget fylgde og plan for ein sparebank, og saka vart drøfta i formann- og representantskap den 20. mars 1849. I 1855 var tanken om skiping av ein sparebank atter framme. Denne gong var det Ole G. Kvale som sende framlegg og plan om dette. Dessverre er møteboka til heradsstyret borte frå denne tida, og ein kjenner såleis ikkje vedtaka som vart gjort i saka.

Det er truleg at tanken om å skipa ein sparebank på denne tida hadde vaksi seg sterk. I nabokommunen Vaage (Vågå) vart ein sparebank grunna dette året, og det kunne derfor liggje nær for Lom å gjera det same. Det er truleg at ymse tilhøve har gjort at tida likevel enda ikkje var mogen for dette tiltaket. Lom og Skjåk var som nemnt enda berre ein kommune, men deling av kommunen var sikkert eit aktuelt emne. Berre det kunne gjera sitt til at det var vanskeleg å få skipa ein sparebank i bygda den tida.

Ole Johannessen Staff

Den mannen som har vorti ståande som grunnleggjaren av Lom og Skjåk Sparebank er lensmann Ole Johannessen Staff. Staff var fødd på Østre Toten i 1799. Ei tid var han kontorist hos amtmannen i Kristians amt, og i åra 1821–1832 lensmann i Vågå. Han vart gift med Rønnaug Graffer, som var gardgjente, i 1826 og Staff vart såleis gardbrukar på Graffer.* I 1837 vart han lensmann i Lom. Staff var i fleire perioder stortings-

mann, (1836–1842) var visesekretær i Odels-tinget og medlem av budsjettnemnda. Han var med på gjennomføringa av formannskapslova i 1837, og vart fyrste ordføraren i Lom og Skjåk (ordførar frå 1838–1846).

Det som gjer at namnet til lensmann Staff er knytt til Lom og Skjåk Sparebank, er at han i testamentet sitt frå 14. desember 1861, ei veke før han døde (21. desember 1863), har teki inn fylgjande:

Til Fond for en Sparebank i Lom's Prestegjæld skjænker jeg 200 – to Hundrede Speciedaler. Med dette var grunnlaget lagt for ein sparebank i bygda. Det skulle likevel koma til å gå enda mange år før denne planen vart til nokon realitet. I 1863 vart Lom og Skjåk delt i to kommunar, og dette gjorde det sjølvsagt vanskeleg dei fyrste åra etterpå å få gjort noko med planane om ein sparebank. Til dette kom at det vart ein langvarig prosess mellom enkja etter lensmann Staff og dei testamentariske arvingar om det nemnde testamentet. Garden Graffer vart i desse åra avhenda til Jakob Laurgaard, og pengane som var testamentert til grunnfond for ein bank, vart ståande i garden, slik at prosessen i røynda verserte mellom enkefru Staff og Jakob Laurgaard på den eine sida, og Lom og Skjåk kommunar på den andre sida. Forliksklage vart utteken alt den 26. juli 1862, og saka verserte i underrett og overrett i over 10 år.

Av enkefru Staff og Jakob Laurgaard vart mellom anna hevda at dei ikkje kunne ha noka plikt til å betale pengane til grunnfond for ein sparebank så lenge denne ikkje var oppretta. Kommunestyra hevda det motsette, nemleg at pengane fyrst laut betalast før ein kunne gå til skiping av ein bank.

Frå eit sammøte av heradsstyra i Lom og Skjåk den 29. mai 1869 finn ein likevel at det er gjort vedtak om å opprette ein sparebank for bygdene.



Lensmann Ole Johannesen Staff har vore sett på som grunleggjaren av Lom og Skjåk Sparebank sjølv om han døydde tolv år før banken starta opp. Grunnen til dette er at han testamenterte 200 spd. (800 kroner) til fond for ein sparebank.

Dette fotografiet er teke av minnesteinen som Skjåk Sparebank reiste på kyrkjegarden i Lom i 1923.

Om dette heiter det i møteboka:

Ved Testamente af 14de December 1861 har afdøde Lensmand Staff skjænket 200 Sp. til Grundfond for en Sparebank i Lom. Den nuværende Eier af Gaarden Graffer gjør imidlertid Ophævelse og vil ikke betale de legarede Penge førend en Sparebank er oprettet. Communebestyrelsen har staaet, og staaer fremdeles i den formening, at bemeldte Penge fyrst burde været betalte, og at Communebestyrelsen fyrst da skulde fattet de fornødne Beslutninger; men uaktet dette, fandt Forsamlingen sig dog foranlediget til at fatte saadan beslutning:

- En Sparebank bliver at oprette i Lom Thinglag, til hvis Grundfond bliver at anvende ovennævnte 200 Spd.
- Den i Forsamlingen fremlagte Plan for denne Indretning vedtoges enstemmigt.
- Indretningen træder i Virksomhed saa snart Planen er forsynet med naadigst Approbation.

Ein får ei kjensle av at dette vedtaket var noko forsert for å få ein endskap på tretta om pengane til fond for banken. Det er rett nok lagt ved ein plan for ein sparebank på dette møtet, men ein kan ikkje finne at det vart gjort noko for å få planen approbert. I mellomtida gjekk rettssaka sin gang, og frå møte i Lom heradsstyre den 11. september 1869 kan ein finne referert:

Skrivelse fra Overretsagfører Scharffenberg af 27de f. M., hvorved Communebestyrelsen underrettes om, at den Sag, som Kommunen har ført mod Rønnaug Graffer eller Jakob Laurgård om betaling af 200 Spd. til Grundfond for en Sparebank i Lom er paadømt ved Underretten med det Resultat, at



Prestane var viktige for bygdeutvikling på 1800-talet. Dei tok med seg impulsar og kunnskap frå bygd til bygd når dei skifta prestekall. Soknepresten i Lom 1851-1863, Julius Aars, hadde vore med og grunna Lier Sparebank før han kom til Lom.



Etterkomaren hans i prestestolen, Honoratus Halling, hadde tidlegare vore med å grunna Spareskillingsbanken. Sannsynlegvis arbeidde dei også for å starte opp bank i Lom. Utlånt av Gudrun Stamstad.

Communen er tilkjendt Beløpet med Renter fra Sparebankplanens Antagelse i Communebestyrelsen den 29. Mai d. A. Overretsagføreren antager at Communen burde været tilkjendt Renter fra Forligsklagens Dato 26. Juli 1862, og at Dommen på Grund deraf bør appelleres til Overretten. I Forbindelse med denne Skrivelse underrettedes Forsamlingen om, at Ordføreren havde underrettet Skiagers Formandskab om det samme, og at Ordføreren da havde tilkjendegivet at Sagen var behandlet i Skiagers Formandskab, som har besluttet, at denne Corporation Intet havde imod at Sagen bliver appelleret til Overretten.

Beslutning: Communebestyrelsen antager, at omhandlede Sag bør appelleres til overretten. Ordføreren paalægges at foranstalte det Fornødne.

Det syner seg såleis at vedtaket av 29. mai 1869 om å opprette ein sparebank likevel hadde sitt å seia, med det banken av underretten vart tilkjent renter frå denne dagen. Men som ein ser, hevdar sakføraren at renter burde ha vori tilkjent alt frå 26. juli 1862, og på dette prosederar så kommunane vidare. Det skulle seinare syne seg at «overretsagføreren» antagelse, ikkje vart delt av overretten. Sluttresultatet av denne langvarige prosessen finn ein referert fra møte i Lom heradsstyre den 7. mars 1874:

Ordføreren foreviste Forsamlingen Overrettsdom i Sagen mod Madam Staff angaaende af de 200 Spd. som Lensmand Staff havde testamenteret til et Grundfond for en Sparebank i Lom, og oplyste at Jakob Laurgaard under 28de Januar sidstleden havde betalt Beløbet med Renter fra 29 de Mai 1869, og at Beløbet med Renter tilsammen 246 Spd. 80 Skl. samme Dag overleveredes den midlertidige Kasserer for Sparebanken.

Beslutning: Konklusionen af Overrettsdommen i omhandlede Sag bliver i bekræftet Stand at erhverve gennem Sagfører Scharffenberg i Vaage.

Med dette grunnfondet på 200 spd. og renter 46 spd. 80 skl. vart det ikkje nokon vanske med spørsmålet om å skaffe middel til grunnfond for ein sparebank.

Til røyndom i 1873

Fyrst i 1873 kom ein så langt at tanken om ein sparebank i desse bygdene vart til nokon røyndom. Den 19. februar dette året vart det haldi eit sammøte av heradsstyra i baa bygdene, og der vart så den endelege planen for ein sparebank vedteken. I eit nytt sammøte den 25. august same året vart referert at den vedtekne planen var approbert den 27. mai 1873, og denne sistnemnde dagen har seinare vori rekna som den dagen da

sparebanken vart grunna. Fra nemnde møte finn ein vidare at det vart gjort desse vedtaka:

a. Forstanderskabet skal bestaa af 20 Medlemmer, nemlig 10 fra hver af Kommunene. Valg på disse foretoges med saadant Udfald:

For Lom: T. Sulheim, Hans Ekle, R. Blaker, G. Lindsøe, Ole G. Kvale, Syver Hørven, T. Studsnæs, E. Oukrust, Ole Sletten og K. Nordal.

For Skiaker: Ole O. Hørven paa Aanstad, Ole O. Skiager, P. Skamser, Kristen Haaven, O. Skattum, Hans Forberget, Lars Hoser, Sevald Sperstad, Ole Lund og Thore Flækøy.

b. Det paalægges Ordføreren at sammenkalde disse til et Møde snarest muligt, hvor da det videre fornødne overensstemmende med Planen bliver at bestemme.

Af Felleskassens Midler bevilges det Beløb som det trenges for at Bankens Grundfond kan erholde den i Planens § 2 bestemte mindste Størrelse, nemlig 300 Spd.

Frå det fyrste møtet i forstandarskapet, som var samankalla av ordføraren i Skjåk, sokneprest Ottesen, finn ein dette referatet i fyrste møteboka til forstanderskapet:

Aar 1873 den 11. Desbr. sammentraadte Forstanderskabet for den ved kombineret Møde af Loms og Skiagers Kommunebestyrelse oprettede Sparebank for Lom og Skiager paa Gaarden Andvord.

Ordfører Ottesen afleverede til Forstanderskabet:

a. Plan for denne Indretning, forsynet med Kongelig Approbation af 27de Mai d. A.

b. Schema for Sparebankens Regnskaber, og hvorefter Extrakt af det Aarlige Regnskab bliver at indsende til vedkommende Regjerings Departement.

1. Til Direktører for Sparebanken blev derpaa valgte: Kirkesanger G. Lindsøe, Kirkesanger O. Skattum, Ole G. Kvale, Ole Hørven, Syver Hørven, T. Sulheim og Ole O. Skiager. Til Suppleanter valgtes: Kristen Haaven, T. Studsnæs, og Ole T. Sletten.

2. Direktørerne foretog derpaa Valg på Formand og Viceformand med det Udfald, at Kirkesanger G. Lindsøe blev valgt til Formand og Kirkesanger O. Skattum til Viceformand.

3. Til Indretningens Kasserer og Bogholder antoges indtil videre Handelsbetjent Syver Hørven.

4. Det paalagdes Formanden at opfordre Thinglægets Indvaanere til at indsette Penge i Banken (Sparebanken), samt endvidere at paalægdes Jakob Laurgaard uopholdelig at indbetale til Indretningens kasserer S. Hørven det Pengebeløb,

Lensmand Staff i sin Tid testamenterede til et Grundfond for en Sparebank i Lom.

5. Endelig paalagdes det Formanden at besørge anskaffet for Indretningen 400 Eksemplarer trykte Kontrabøger, samt ligeledes 500 Stkr. trykte Blanketter til Vekselobligationer og 100 Stkr. Aftryk af Foreningens Statuter. Det bemærkes, at Kontrabøgerne ogsaa bør indeholde Aftryk af Indretningens Love. Han paalagdes derhos at anskaffe de Protokoller, der antages at være nødvendige til Forretningens bestyrelse.

Sparebanken kunne ta til

Hermed var ein komen så langt at sparebanken kunne ta til med verksemda si. Rett nok kan ein tykkja at det er mange spørsmål som burde vori handsama i forstandarskap og styre før banken kunne opne døra for kundane. Det er ikkje nemnt noko om kvar banken skulle halde møta sine, ikkje noko om kva tid banken skulle halde ope, når verksemda skulle ta til o.s.b.

Det kunne òg ha vori naudsynleg med ein instruks for kasseraren, så han kunne ha noko å halde seg til, like eins ymse retningslinjer for verksemda til styret.

Det var noko nytt som skulle prøvast. Det var ikkje fagfolk som hadde med oppgåva å gjera, men derimot menn frå bygdene som sjølv skulle prøve å ta eit tak for å betre levevilkåra for seg sjølve og etterkomarane sine. Men det var dugande menn som stilte seg i brodden for denne oppgåva, det var dei beste menn som bygdene åtte. Ei god hjelp hadde desse mennene i presten Ottesen, som var fyrste soknepresten i Skjåk etter at bygda vart eige prestekall i 1863. Ottesen var like eins fyrste ordføraren i Skjåk. Han var framleis ordførar på den tida banken vart grunna, og hadde elles leiinga i alt styre og stell i bygda. Han var ein framifrå dugande mann, både som prest, menneske og bygdamann.

Like eins må ein her nemne ein mann som Ole G. Kvale, eller «Vekkje-Kvaalen» som han vart kalla. Det var om denne mannen Bjørnson skal ha sagt at han var det mest gåverike menneske han nokon gong hadde møtt. Ole G. Kvale vart ordførar i Lom i 1848, og var frå denne tida så å seia den sjølv-skrivne leiar i alle offentlege gjeremål i bygda i over 30 år. Det er knapt for mykje sagt at det var Ole G. Kvåle som òg var den berande kraft i førebuings-arbeidet med å grunne banken. Like eins er det mykje som talar for at det var han som fekk lensmann Staff på den tanken å gje pengar til fond for ein sparebank i bygda.

Arbeids- og tenestefolk skal spare

Den fyrste planen for sparebanken fortel ei fortetta historie om den opprinnelege tanken bak sparebankvesenet og kva det etter kvart utvikla seg til. Den fyrste paragrafen opnar slik:

§1

Sparebankens Formål er at modtage Penge af Personer af begge Kjøen, i Særdeleshed af Arbeids- og Tjenestefolk, og at gjøre samme frugtbringende for Eierne ved Beregning af Renter og ved at lægge Renterne til Kapitalen. . . .

Staten og staskassa halden utanfor

Det ser ut til at ein i Norge frå fyrste stund valde å halde staten og statskassa utanfor sparebankane. Bankane skulle sjølve ha ansvaret for å låne ut pengane sine. Etter 50 års røynsle med sparebank-drift i Norge hadde derfor formuleringane om å gjere pengane fruktbringande så smått kome inn i vedtektene slik vi ser det for Lom og Skjåk Sparebank. Paragraf 18 i vedtektene fortel om kva for utlånspolitikk som skulle leggjast til grunn.

§18

Personer, som udmærke sig ved flittigen at gjøre Indskud, skulle, når de komme i Trang, have fortrinlig Adgang til at erholde Laan af Sparebankens Midler.

Der var det ikkje nok å ha vore flittig innskytar. Førerett til lån skulle dei ha som «trenger kapital til å starte en næringsvei». Det er interessant at dette har falle ut.

Den mest sannsynlege grunngjevinga er at andre bankar byrja å ta over som «forretningsbankar», slik at sparebankane ikkje lenger skulle prioritere oppstarting av næringsdrift. Den statlege Hypotekbanken (skipa 1851) var spesielt viktig for moderniseringa av landbruket. I byane tok dei reine forretningsbankane så smått til å vekse fram.

Den sosiale sida av sparebankvesenet gjekk ut på å verne småfolk mot dei tidlegare ågerkarane som lånte ut til skyhøge renter til folk i naud. På den andre sida skulle pengane til sparebankane lånast ut med minst mogleg risiko. Her oppstod ei målkonflikt. Det er større risiko for at banken taper pengane sine ved utlån til fattige. Kombinasjonen av at det var dei velhaldne som i praksis kom til å bli innskytarar og at det var innskytarane som skulle ha førerett til lån, gjorde at sparebankane ikkje vart dei sosiale institusjonane som den opprinnelege tanken var.

Kommunane grunnla banken

Styringa av banken kom i lang tid til å bli prega av oppstarten. Forstandarskapet var det øvste organet i sparebankane. Det var såleis dei som valde både styre og direksjon. Paragraf tre i planen handlar om korleis forstandarskapet skulle veljast. Kort sagt skulle det fyrste forstandarskapet veljast av og blant medlemmene i «Lom og Skiagers Kommunebestyrelse». Dei som ikkje vart valde på denne måten, skulle kunne veljast blant villige «mænd» som var innskytarar eller busette i soknet.

I starten måtte kommunestyret stå sentralt fordi banken ikkje hadde innskytarar som kunne veljast inn i styrande organ før han vart skipa. Derfor står det at «De Forstandere, der ikke henhøre til Kommunebestyrelsen, velges fyrste gong af Sparebankens Grunnlæggere». Her var det Lom og Skjåk kommune som også var grunnleggjarar.

Etter dette fyrste valet var regelen denne:

«Senere, naar Vakance indtræder, eller hvis Kommunebestyrelsens Medlemmer undslaae seg for Befatning med Sparebanken, supplerer Forstanderskabet sig selv- -».

Resultatet av dette vart at kommunestyra si etter stand og kjønn samansetjing også vart avgjerande for kven som fekk sete i dei styrande organa i banken. Vanlege arbeids- og tenestefolk, som sparebanken etter §1 hadde som formål å tene, hadde den gongen ikkje stemmerett. Dei var derfor heller ikkje valgbare til kommunestyret. Kvinner hadde heller ikkje verken stemmerett eller rett til å veljast til heradsstyret. Dessutan stod det svart på kvitt i § 3 at berre «mænd» var valgbare også blant dei som kunne rekrutterast utanfor heradsstyret.



Storstabturet var den felles banken for Lom og Skjåk før sparebanken tok over. Kornbankane skulle først og fremst sikre at det var såkorn neste vår sjølv om avlinga skulle bli øydelagt eit år. Det var ei spare-innretning for såkornkapital. Men korn var jamgodt med pengar. Derfor kunne kornbanken vere noko å ha i bakhanda for mange høve. Det var vanleg at dei gamle kornbankane vart seldt og at pengane gjekk inn som startkapital for sparebanken. Slik var det ikkje her. Kornbanken (Storstabturet) var i bruk etter at sparebanken var stifta. Fotografi frå rundt 1905. Utlånt av Kristian Hosar.

*Justert etter opplysningar i Bygdabok for Lom.



2688 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 23 94 51

www.sbls.no

bankpost@sbls.no

Ide, utarbeiding og oppsett: Visus, Lom.

Trykk: Østfold Trykkeri, Askim.